

LOKAL BEREDSKAPSPLAN COVID-19 *august 2020*

Dette er Volda vidaregåande skule sin handlingsplan/tiltaksplan for korleis handtere skulekvardagen for elevar og tilsette med omsyn til dei ulike trafikklyssignala definert i smittevernrettleiaren frå Udir/regjeringa.

Under skildrar vi kva ulike tiltak som vert iverksett avhengig av situasjonen i ein trafikklysmoell; grønt, gult og rødt nivå. Dei konkrete tiltaka vert såleis tilpassa den til ei kvar tid aktuelle smittesituasjonen i samfunnet.

Konkrete tiltak ved **GULT TRAFIKKLYS**

Hovudpunkt frå smittevernrettleiaren ved gult nivå:

1. INGEN SJUKE (*elevar, tilsette eller føresette*) SKAL MØTE PÅ SKULEN
 - Ring sentralbordet vårt og meld i frå om at du er sjuk. Telefon 71 28 23 00
 - Ta også kontakt med legevakt (tlf.116117) for ev. test og rettleiing. Det er også etablert egne teststasjonar for Covid-19 som har egne direktenummer. Desse finn du på kommunene sine nettsider.
2. God hygiene og forsterka reinhald
3. Kontaktreduserande tiltak:
 - Unngå fysisk kontakt mellom personar (håndhelsing og klemming)
 - Heile klasser kan ha undervising saman
 - Elevar bør ha faste plassar i kvart klasserom eller faste samarbeidspartnarar/-grupper
 - Tilsette kan veksle mellom klasser, men bør halde avstand til elevar så langt det er mogleg.
 - Utanfor klasseromma oppfordrar ein elevane og tilsette til å halde ein meters avstand i alle siutasjonar
 - Unngå trengsel og store samlingar

TILTAK I KLASSEROM/GRUPPEROM	
HYGIENISKE TILTAK	KONTAKTREDUSERANDE TILTAK
Handvask før skulestart	Klassekart der elevane har faste plassar i klasserommet
Elevane reingjer pultane sine mellom fagøktar ved gruppe- eller rombytte. Alle klasserom og grupperom får spruteflasker med eigna reingjeringsmiddel som lærar dusjar kvar pult med før eleven tørkar av. <i>Dersom det ikkje er basisgruppa som er på baseromet etter lunsj/middtime skal elevane reingjere pultane sine før timen tek til.</i>	Elevar frå same klasse plassert saman med kvarandre i fagblokkøktar så langt det er råd.
Ryddige klasserom. Bøker og utstyr skal IKKJE ligge att etter fagøktar.	Elevane skal så langt det er råd ikkje dele på PC-ar, skrivesaker eller arbeidsverky.
Vi oppfordrar til, og minner kvarandre på handvask etter pauser, og før og etter matpause.	Elevane et sin lunsj på sitt baserom (på kvar sin pult) og ikkje i fellesareal (uavhengig av om kantina er open eller ikkje). Alternativ til å ete på baseromet er å sitje utandørs med 1-meters avstand.
Eiga rutine for reingjering av hørselteknisk utstyr. Gjeld enkelte klasser.	
Mobiltelefonar skal ligge i sekken så lenge den ikkje er i bruk fagleg. (Mobilhotell skal ikkje nyttast)	
Utstyr skal reingjerast etter bruk (ev. nytte fjernlagring av utstyr) <i>KDA, MK, MU og Naturfaga har utarbeidd/utarbeider eigne rutiner for dette.</i>	
Særskilte elevgrupper med behov for nærkontakt i høve omsorgsbehov skal ivaretakast. Tilsette som arbeider med desse elevgruppene må vere ekstra merksame i høve hygiene og handvask.	
<p>Elevar som er/blir sjuke på skulen:</p> <ul style="list-style-type: none"> Elevane sjølve eller faglærer/kontaktlærer tek kontakt med <u>administrasjonen over telefon. Telefonnummer: 71 28 23 00</u> <p>Det vert då gjort avtale om vidare handtering. Eleven det gjeld pakkar sakene sine, og gjer seg klar til transport til elevrådskontoret. Eleven ventar utanfor klasserommet sitt i god avstand til andre elevar. Føresette vil bli kontakta med tanke på heimtransport.</p>	

TILTAK I FELLESAREAL/EKSPEDISJON/ARBEIDSROM LÆRARAR	
HYGIENISKE TILTAK	KONTAKTREDUSERANDE TILTAK
Stengde vassautomatar	1-meters avstand i alle fellesareal (gang, trapp, kantine, busshaldeplass, garderober, vrimleareal, hems på nedre, vestibyle mv.)
Hand-desinfeksjonsdispensarar tilgjengelege	“høgre”-regel i gang/trapp. (Oppmerking på repoa)
Ikkje tilgang til mikrobølgeomnar	Ikkje fysisk nærkontakt (t.d. ikkje handhelse eller klemme på kvarandre)
Handvask ved toalettbesøk.	Unngå trengsel ved bruk av bokskapa. Hald avstand og vent på tur. (Ver effektiv ved bruk).
Bruk alboge ved opning av dører så langt det er mogleg.	Ved behov for kontakt med lærar utanom undervising bruk Teams-chat. Elevar skal ikkje fysisk gå inn på lærarrom/lærararbeidsplassar.
	Gang- og trappeområde skal ikkje nyttast som opphaldsrom eller venterom.
<p>Alle besøk til administrasjonen, rådgjevarar, helsesjukepleiar og PPT skal avtalast og stadfestast elektronisk på førehand.</p> <p>Rådgjevarane kan du avtale med på Teams eller e-post: Randi Kalland: randi.kalland@mrfylke.no Kristian Ingebrigtsen: kristian.soma.ingebriigtsen@mrfylke.no</p> <p>For å avtale tid/treffpunkt med helsesjukepleiar, send SMS til: Lisbeth Totland: 97 42 72 78 (er på skulen måndagar og onsdagar frå 08:30-15:00) Iselin Foldal: 47 75 20 85 (er på skulen fredagar frå 08:30-15:00)</p>	
TILTAK BIBLIOTEK	
HYGIENISKE TILTAK	KONTAKTREDUSERANDE TILTAK
Handvask før ein kjem til biblioteket.	<i>Innlevering av bøker etter sjukdom: viruset kan overleve på papp i eitt døgn. Bøker skal ikkje innleverast før eleven sjølv er frisk og kan kome tilbake til skulen.</i>
Ikkje ta på bøker du ikkje skal låne.	1-meters avstand mellom personar i biblioteket (både på arbeidsplassar og i sofagruppe).
Vask over skrivebord etter bruk	Pleksiglas på skranke
Ved bruk av publikumsmaskiner skal det brukast handdesinfeksjonsmiddel både før og etter.	Bøker skal leverast i innleveringskassene (Bøkene ligg i karantene min. 1 døgn) PC leverer ved skranke (desse ligg også i karantene min. 1 døgn)
Fysiske aviser, tidsskrift og blad er ikkje tilgjengelege for publikum	

TILTAK KANTINE	
HYGIENISKE TILTAK	KONTAKTREDUSERANDE TILTAK
Kundar nyttar desinfeksjonsdispensar før dei plukkar varer.	Oppmerking kø med 1-metersavstand
Ikkje lov å ta på fleire varer enn dei ein skal ha	Elevar som ikkje står i kø skal ikkje krysse køa eller opphalde seg i nærleiken av køa.
Vask av berøringspunkt mellom friminutta	Elevane skal ikkje dele mat og drikke
Mat serverast porsjonsvis.	Pleksiglas ved kasse
TILTAK VOLDHALLEN	
HYGIENISKE TILTAK	KONTAKTREDUSERANDE TILTAK
Elevar nyttar desinfeksjonsdispenser når dei går inn og ut av hallen.	Klassen som har hatt time skal vere ute av hallen 5 minutt etter at timen er over. Klassen som skal ha time kjem 5 minutt før timen startar. NB! Garderoba skal vere tom før ny klasse går inn.
	Alle plassane i garderoben er oppmerka med individuelle plassar med ein meters mellomrom.
	Klassene må gå i si tildelte garderobe.

SÆRLEGE TILTAK FOR LÆRARAR	
HYGIENISKE TILTAK	KONTAKTREDUSERANDE TILTAK
Handvask før skulestart	Ikkje fysisk nærkontakt med elevar/tilsette
Alle lærarar får utdelt og nyttar eigen ("privat") svamp og tusj til tavlene	Avgrensa bruk av offentleg transport i rushtid til og frå arb.plass når mogleg
Bruke hanskar eller papir ved PC-tilkopling kablar, bruk av fjernkontroll, andre berøringspunkt i klasserom/grupperom, mv.	Vikarar/tilsette som arbeider på fleire skular bør unngå å jobbe fleire stader same dag.
Lærarane reingjer kateter/skrivebord i klasseromma etter fagøktene sine, og før timen tek til etter lunsj.	Tilpassa arbeidstid, ev. heimekontor i samråd og avtale med avdelingsleiar/rektor.
Faglærer dusjar elevane sine pultar med reingjeringsmiddel mellom fagøktar ved gruppe- og rombytte.	Elevar skal ikkje fysisk gå inn på lærarrom/lærararbeidsplassar.
Lærarar som har første skuletime for klasse/gruppe spør alle elevar om dei har gjennomført handvask, og ber elevar som ikkje har gjort det om å umiddelbart gjere det.	Når dine elevar ringer eller sender melding til deg (faglærer/kontaktlærer) om symptom på luftvegssjukdom, skal du innhente informasjon frå eleven om følgjande: <ul style="list-style-type: none"> - Har eleven kontakta helsevesen? (Teststasjon Covid-19 eller legevakt 116117.) Om ikkje må dette særleg oppmodast om! - Eleven må også opplyse til helsevesen kva nærkontakter han/ho har hatt siste tida (særleg viktig om dette er våre elevar/tilsette, slik at vi umiddelbart kan vurdere interne tiltak). Kontaktlærer/faglærer sender så melding til HMS-ansvarleg Olav Trandal, med kopi til rektor og assisterande rektor med denne informasjonen. Meldinga kan sendast på e-post.
Handvask før utdeling av papir o.a. til elevane. (NB! Bruk digitale løysingar så langt det er mogleg). Når elevane leverer papir til lærar (prøver o.a.) må lærar hugse å vaske seg på hendene etter mottak (eventuelt bruke hanskar), og la t.d. prøvebunken ligge eitt døgn i "karantene" før retting.	<p>«Nærkontakt» - avstandskrav ved samvær lenger enn 15 min = 2 meter!</p> <p>Dette får mellom anna konsekvensar for korleis vi avviklar lunsj (dersom meir enn 15 min. pause), og riggar oss i fagmøte/seksjonsmøte mv.</p> <p>Tiltak pauseavvikling: Det er normalt god plass på pauserom Øvre bygg, så lærarane på øvre kan nytte seg av dette - for å "avlaste" sofagrappa ved lærararbeidsplassane.</p> <p>Tiltak møter: All møteaktivitet skal gjennomførast på rom som gir nok areal til 2 meter avstand. Følgjande rom kan nyttast i tillegg til våre ordinære møterom: Festsal, Fysikk, Biologi, Kjemi og pauserom Nedre bygg.</p>